

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.03.2017

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 31-43/17.

ORIENTERINGAR

Styreleiar Pål Wergeland Lorentzen, teatersjef Solrun Toft Iversen og direktør Atle Marøen presenterte Hordaland Teater.

Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt orienterte om modellbibliotekprogrammet 2014 - 2017.

SPØRSMÅL OG BESTILLINGAR

Etter at behandlinga av PS 39/17 var ferdig, bad **Sigbjørn Framnes (Frp)** om følgjande:

«Ber administrasjonen klargjøre min habilitet i fremtidige saker som har med Sunnhordland museum å gjøre. Da jeg fortsatt vil ha en engasjert leder.»

May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål knytt til Slåtthaug isbane, og bad om orientering i eit seinare møte. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett vil komme tilbake til dette.

Geir Kjell Andersland (V) etterspurde status for Hordaland fylkeskommune sitt engasjement knytt til Sentralbadet og Den Nationale Scene (DNS). Utviklingssjef Ronny Skaar svarte på spørsmålet.

Kst. fylkesdirektør kultur og idrett presenterte tentativt program for utvalet sitt møte i Sunnhordland 26. og 27. april 2017.

Beate Husa (KrF) bad om at det vert lagt fram ny sak om retningslinjer for driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, sist handsama i utvalet 19.01.2016, jf. PS PS 18/2016.